



Vang kommune

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 18.06.2026
Møtetid: Kl. 10:00 - 21:30
Møtestad: Vang kommunehus - Kommunestyresalen

Frammøte

Jørand Ødegård Lunde
Bjørn Olav Søndrol
Lars Østbye Hemsing
Steinar Frøyen
Stine Solemsli
Vidar Eltun
Asgrim Opdal
Elisabeth Hålien
Jon Helge Solemsli
Leif Solemsli
Erlend Eggen
Helge Lajord
Kristin Bakke Lajord

Parti

ANDR
AP
AP
AP
AP
AP
BIV
BIV
BIV
BIV
MDG
SP
SP

Forfall

Elisabeth Myhre
Unni Sandsengen, frå kl. 16.00
Tom Kjetil Tørstad, frå kl. 17.00
Camilla Bjone Hålien, frå kl. 16.00

Parti

AP
AP
BIV
SP

Varamedlem møtte

Toril Gulbrandsen
Vegard Eltun
Odd Vidme
Håkon Offergaard Jevne

Parti

AP
AP
BIV
SP

Ugilde	Sak	Varamedlem møtte	Merknad
Elisabeth Hålien	055/26	Kai Rune Hemsing	Jamfør forvaltningslova §6
Helge Lajord	055/26		Jamfør forvaltningslova §6
Jon Helge Solemsli	055/26	Per Nicklas Kvam	Jamfør forvaltningslova §6
Kristin Bakke Lajord	055/26		Jamfør forvaltningslova §6
Leif Solemsli	055/26		Jamfør forvaltningslova §6
Odd Vidme	055/26	Frank Hansen Thune	Jamfør forvaltningslova §6
Stine Solemsli	055/26	Inga Bøe	Jamfør forvaltningslova §6
Asgrim Opdal	058/26	Frank Hansen Thune	Jamfør forvaltningslova §6
Jon Helge Solemsli	058/26	Per Nicklas Kvam	Jamfør forvaltningslova §6, 2 ledd
Leif Solemsli	058/26		Jamfør forvaltningslova §6, 2 ledd

Stine Solemsli	058/26	Inga Bøe	Jamfør forvaltningslova §6, 2 ledd
----------------	--------	----------	------------------------------------

Møtenotater:

Kl. 8.30: Eigarmøte Jotun Holdning (Eiga innkalling)

Kl. 10.00: Kommunestyremøte

Kulturinnslag: Karianne Guldvik-Belsheim, Cello

RMF og Eldrerådet la fram årsmeldingane sine

Kl. 10.45: Telenor v/Pål Henrik Lukashagen

Kl. 12.00: Næringsstrategien v/Erling Oppheim og Ingvill Flo

kl. 15.00: Tilstandsrapport v/Anne Grete Fjelltun, Barnevernsléiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
043/26	Godkjenning av møteprotokoll
044/26	Spontanspørjetimen
047/26	Tertialrapport pr april 2026 for Vang kommune
048/26	Uravstemning tariffrevisjon 2026 - til behandling i kommunestyret
046/26	Rammer for budsjett 2027 og økonomiplanen 2027-2030 2.gongsbehandling
045/26	Årsmelding og årsrekneskap for 2025
049/26	Val av sekretariat for kontrollutvalet i Vang kommune
051/26	Omsorgsbustadar Uppigarden - vedtak før igangsetting
052/26	Vertskommuneavtale FACT Valdres
050/26	Innspel frå kommunestyret til arbeidsverkstad for regional organisering
053/26	Sluttrapport - Evaluering av Valdres modellen - psykisk helse
054/26	Forskrift om om opning av jakt på elg, hjort og rådyr, minsteareal og fellingsavgift på hjortevilt i Vang kommune
055/26	Midlertidig forbod mot tiltak - reguleringsplan Haugastølen
056/26	Alternativer for organisering av dagens hovudutval for utvikling
057/26	Totalberedskapsplan for Valdres
058/26	Gondol til Skørnsnøse - søknad om kommunal medfinansiering.
059/26	Interpellasjon 18.05.26 - Prissetting Føsselie bustadfelt
060/26	Samlesak for referatsaker

043/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøytes vedteke

KS - 043/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

044/26 Spontanspørjetimen

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Asgrim Opdal (BIV)

Er ordføraren gjort tilstrekkeleg kjent med kor prinsipielt viktig denne saka er, og kva konsekvensar ho kan få i praksis?

Ordføraren svara at representanten vart oppmoda til å fremje eit tillegg under referatsak 6, slik at saka kan følgjast opp vidare.

Erlend Eggen (MDG)

Botnforholda i elva er i endring. Kven har ansvar for å overvake utviklinga, og blir det sett i verk tiltak dersom det oppstår forhold som kan vere skadelege for helse og tryggleik?

Svar frå ordførar:

Det er ikkje mogleg å gi eit fullstendig svar på dette no, men det blir bedt om at administrasjonen følgjer opp saka og greier ut forholda.

KS - 044/26 Vedtak:

047/26 Tertialrapport pr april 2026 for Vang kommune

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande
2. Kommunestyret vedtek ei oppdatert låneramme for 2026 på 34.370.000 kr
3. Kommunestyret vedtek følgjande budsjettendringar for budsjettåret 2026 :
Driftsrammene for etatane blir redusert som følger for driftsbudsjettet 2026 :
 1. for etaten Sentrale Politiske og Administrative organ med 500.000 kr
 2. for etaten Utdanning og Kultur med 2.000.000 kr

3. for etaten Helse og Omsorg med 3.000.000 kr
4. for etaten Landbruk og Teknisk med 2.500.000 kr

Kommunestyret vedtek elles desse budsjettendringane :

1. budsjettet for pensjonsutgifter til statens pensjonkasse blir redusert med 1.500.000 kr
2. løyving til oppfølging av KPS blir redusert med 250.000 kr
3. løyving til mulighetstudie blir redusert med 350.000 kr
4. budsjettert inntekter til andelskraft blir redusert med 5.000.000 kr
5. budsjettert inntekter knytt til premieavvik blir redusert med 2.100.000 kr
6. budsjettet for ordninære avdrag blir auka med 2.000.000 kr
7. budsjettet for inntekter frå konsesjonskraft blir redusert med 1.000.000 kr

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Forslag om heilårsvirking, fremja av Erlend Eggen, Miljøpartiet Dei Grøne
Innsparingstiltaka skal skje med heilårsvirkning, 8 mnok, for å bidra i innsparingsprosessen. Kutta reduserast forholdsmessig. Samla for 2026 blir innsparinga i 2026, 4 mnok.

Redigert framlegg til vedtak frå administrasjonen , fremja av Erlend Haaverstad,

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande
2. Kommunestyret vedtek ei oppdatert låneramme for 2026 på 34.370.000 kr
3. Kommunestyret vedtek følgjande budsjettendringar for budsjettåret 2026 :
Driftsrammene for etatane blir redusert som følger for driftsbudsjettet 2026 :

1. for etaten Sentrale Politiske og Administrative organ med 500.000 kr
2. for etaten Utdanning og Kultur med 2.000.000 kr
3. for etaten Helse og Omsorg med 3.000.000 kr
4. for etaten Landbruk og Teknisk med 2.500.000 kr

Kommunestyret vedtek elles desse budsjettendringane :

1. budsjettet for pensjonsutgifter til statens pensjonkasse blir redusert med 1.500.000 kr
2. løyving til oppfølging av KPS blir redusert med 250.000 kr
3. løyving til mulighetstudie blir redusert med 350.000 kr
4. budsjettert inntekter til andelskraft blir redusert med 5.000.000 kr
5. budsjettert inntekter knytt til premieavvik blir redusert med 2.100.000 kr
6. budsjettet for ordninære avdrag blir auka med 2.000.000 kr
7. budsjettet for inntekter frå konsesjonskraft blir redusert med 1.000.000 kr
- Prosjekt 338 bustader blir auka med 1.000.000
- Prosjekt 350 blir redusert med 6.800.000
- Prosjekt 375 blir redusert med 500.000
- Prosjekt 329 blir reduser med 500.000
- Prosjekt 299 blir redusert med 250.000
- Underekning frå investeringsbudsjett 2025 blir dekkja inn med 8.821.679
- Reduksjon av momskompensasjon med 1.428.321
- Auke i låneramme 3.200.000

Tertialrapport, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang

Setning 3 endres til: Kommunestyret vedtek ei målsetjing om følgjande budsjettendring for budsjettåret 2026.

Tillegg: Auka eigaruttak frå Jotun Holding, fremja av Vidar Eltun, Arbeiderpartiet
Vang kommunestyre ber administrasjonen om å undersøke om det er mogleg med eit auka eigaruttak frå Jotun Holding AS for 2026.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag om heilårsvirking**

Erlend Eggen (MDG)

For: 8 stemmer (47%) - ANDR 1, AP 1, BIV 2, MDG 1, SP 2

Stemmer:

Leif Solemsli (BIV)

Jørund Ødegård Lunde (ANDR)

Erlend Eggen (MDG)

Vidar Eltun (AP)

Camilla Bjone Hålien (SP)

Elisabeth Hålien (BIV)

Helge Lajord (SP)

Torill Gulbrandsen

Mot: 9 stemmer (53%) - AP 5, BIV 3, SP 1

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Tertialrapport**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 13 stemmer (76%) - ANDR 1, AP 2, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 4 stemmer (24%) - AP 4

Stemmer:

Steinar Frøyen (AP)

Stine Solemsli (AP)

Unni Sandsengen (AP)

Lars Østbye Hemsing (AP)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg: Auka eigaruttak frå Jotun Holding**

Vidar Eltun (AP)

For: 16 stemmer (94%) - ANDR 1, AP 6, BIV 4, MDG 1, SP 3

Mot: 1 stemme (6%) - BIV 1

Stemmer:

Asgrim Opdal (BIV)

Votering nr 4 - Votering over forslag

Forslag: **Redigert framlegg til vedtak frå administrasjonen**

Erlend Haaverstad

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 6, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 047/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande
2. Kommunestyret vedtek ei oppdatert låneramme for 2026 på 34.370.000 kr
3. Kommunestyret vedtek ei målsetjing om følgjande budsjettendring for budsjettåret 2026:
Driftsrammene for etatane blir redusert som følger for driftsbudsjettet 2026 :

1. for etaten Sentrale Politiske og Administrative organ med 500.000 kr
2. for etaten Utdanning og Kultur med 2.000.000 kr
3. for etaten Helse og Omsorg med 3.000.000 kr
4. for etaten Landbruk og Teknisk med 2.500.000 kr

Kommunestyret vedtek elles desse budsjettendringane :

1. budsjettet for pensjonsutgifter til statens pensjonkasse blir redusert med 1.500.000 kr
2. løyving til oppfølging av KPS blir redusert med 250.000 kr
3. løyving til mulighetstudie blir redusert med 350.000 kr
4. budsjettet inntekter til andelskraft blir redusert med 5.000.000 kr
5. budsjettet inntekter knytt til premieavvik blir redusert med 2.100.000 kr
6. budsjettet for ordinære avdrag blir auka med 2.000.000 kr
7. budsjettet for inntekter frå konsesjonskraft blir redusert med 1.000.000 kr
- Prosjekt 338 bustader blir auka med 1.000.000
- Prosjekt 350 blir redusert med 6.800.000
- Prosjekt 375 blir redusert med 500.000
- Prosjekt 329 blir redusert med 500.000
- Prosjekt 299 blir redusert med 250.000
- Underekning frå investeringsbudsjett 2025 blir dekk inn med 8.821.679
- Reduksjon av momskompensasjon med 1.428.321
- Auke i låneramme 3.200.000

Vang kommunestyre ber administrasjonen om å undersøke om det er mogleg med eit auka eigaruttak frå Jotun Holding AS for 2026

048/26 Uravstemning tariffrevisjon 2026 - til behandling i kommunestyret

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vang stemmer «Ja» til uravstemminga for tariffrevisjon 2026

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 048/26 Vedtak:

Kommunestyret i Vang stemmer «Ja» til uravstemminga for tariffrevisjon 2026

046/26 Rammer for budsjett 2027 og økonomiplanen 2027-2030 2.gongsbehandling

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande rammer for arbeidet med budsjettprosessen 2027 og økonomiplan 2027-2030 :

1. Ramme for driftsbudsjett i etatane

- Kommunestyret vedtek driftsramme samla for etatane på 340 mill. kr kvart år i økonomiplanperioda 2027-2030

2. Ramme for bruk av kraftinntekter (konsesjons- og andelskraft) i driftsbudsjett 2027

- Kommunestyret vedtek at handlingsreglar og budsjettnivå for kraftinntekter blir vurdert i samband med vedtak om økonomireglement gjeldande frå 2027. Kommunestyret ber om at sak om økonomireglementet blir lagt fram for kommunestyret i september 2026.

3. Mål for sjølvkostområda i %

- Kommunestyret vedtek følgjande inndekningsmål for sjølvkostområda for økonomiplanperioden 2027-2030 :

- vatn og avløp - 100%
- byggesaksbehandling - 100% for private byggesaker
- kart og oppmåling - 100% inndekning for oppmålingsforretning på private areal
- plansaksbehandling - 100% på private plansaker

4. Ramme for bruk av næringsfondet i budsjett 2027

- Kommunestyret vedtek årleg ramme for bruk av næringsfondet i 2027-2030 tilsvarande årleg inntekt frå konsesjonsavgifta til Vang kommune

5. Prinsipp for fastsetting av nivå i gebyrregulativet for 2027

- Kommunestyret vedtek at utvikling av gebyrsatsane følger gjeldande prisutvikling og i fohold til inndekningsgrad innan sjølvkostområda for økonomiplanperioden for 2027-2030

6. Ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027

- Kommunestyret vedtek ei ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027 på :

- tilskott 4,5 mill kr
- kommunen fakturerer til fellesrådet verdi av til einkvar tid tenesteytingsavtalen mellom Vang kommune og Vang kyrkjelege fellesråd

7. Tilskott til regionale satsninger

Tilskott til Visit Valdres for 2027 vert fastsett til 200.000 kr frå Vang kommune

Tilskott til andre regionale verksemder vil følgje av prosessen for regional organisering og vidare arbeid med budsjett og økonomiplan 2027-2030

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

TILSKUDD VISIT VALDRES AS, fremja av Leif Solemsli, Bygdelista i Vang

Tilskuddet til Visit Valdres AS opprettholdes som tidligere, kr. 250.000.-.

Dette sett opp imot Vang kommunes satsing på reiseliv som et hovedsatsingsområde i nylig vedtatt Kps..

Inndekning; næringsfond

sak 046/26, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Ekstra kulepunkt under punkt 3: plansaksbehandling- 50% på private plansaker knytt til bustadutvikling

Retta framlegg til vedtak, fremja av Erlend Haaverstad,

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande rammer for arbeidet med budsjettprosessen 2027 og økonomiplan 2027-2030 :

1. Ramme for driftsbudsjett i etatane

- Kommunestyret vedtek driftsramme samla for etatane på 240 mill. kr kvart år i økonomiplanperioda 2027-2030

2. Ramme for bruk av kraftinntekter (konsesjons- og andelskraft) i driftsbudsjett 2027

- Kommunestyret vedtek at handlingsreglar og budsjettnivå for kraftinntekter blir vurdert i samband med vedtak om økonomireglement gjeldande frå 2027. Kommunestyret ber om at sak om økonomireglementet blir lagt fram for kommunestyret i september 2026.

3. Mål for sjølvkostområda i %

- Kommunestyret vedtek følgjande inndekningsmål for sjølvkostområda for økonomiplanperioden 2027-2030 :

- vatn og avløp - 100%
- byggesaksbehandling - 100% for private byggesaker
- kart og oppmåling - 100% inndekning for oppmålingsforretning på private areal
- plansaksbehandling - 100% på private plansaker

4. Ramme for bruk av næringsfondet i budsjett 2027

- Kommunestyret vedtek årleg ramme for bruk av næringsfondet i 2027-2030 tilsvarande årleg inntekt frå konsesjonsavgifta til Vang kommune

5. Prinsipp for fastsetting av nivå i gebyrregulativet for 2027

- Kommunestyret vedtek at utvikling av gebyrsatsane følger gjeldande prisutvikling og i fohold til inndekningsgrad innan sjølvkostområda for økonomiplanperioden for 2027-2030

6. Ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027

- Kommunestyret vedtek ei ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027 på :

- tilskott 4,5 mill kr
- kommunen fakturerer til fellesrådet verdi av til einkvar tid tenesteytingsavtalen mellom Vang kommune og Vang kyrkjelege fellesråd

7. Tilskott til regionale satsninger

Tilskott til Visit Valdres for 2027 vert fastsett til 200.000 kr frå Vang kommune

Tilskott til andre regionale verksemder vil følgje av prosessen for regional organisering og vidare arbeid med budsjett og økonomiplan 2027-2030

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **TILSKUDD VISIT VALDRES AS**

Leif Solemsli (BIV)

For: 12 stemmer (71%) - ANDR 1, AP 3, BIV 5, SP 3

Mot: 5 stemmer (29%) - AP 4, MDG 1

Stemmer:

Steinar Frøyen (AP)

Erlend Eggen (MDG)

Vegard Eltun (AP)

Bjørn Olav Søndrol (AP)

Toril Gulbrandsen (AP)

Votering nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **sak 046/26**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 16 stemmer (94%) - ANDR 1, AP 6, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 1 stemme (6%) - AP 1

Stemmer:

Toril Gulbrandsen (AP)

Votering nr 3 - Voting over forslag

Forslag: **Retta framlegg til vedtak**

Erlend Haaverstad

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 046/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande rammer for arbeidet med budsjettprosessen 2027 og økonomiplan 2027-2030 :

1. Ramme for driftsbudsjett i etatane

- Kommunestyret vedtek driftsramme samla for etatane på 240 mill. kr kvart år i økonomiplanperioda 2027-2030

2. Ramme for bruk av kraftinntekter (konsesjons- og andelskraft) i driftsbudsjett 2027

- Kommunestyret vedtek at handlingsreglar og budsjettnivå for kraftinntekter blir vurdert i samband med vedtak om økonomireglement gjeldande frå 2027. Kommunestyret ber om at sak om økonomireglementet blir lagt fram for kommunestyret i september 2026.

3. Mål for sjølvkostområda i %

- Kommunestyret vedtek følgjande inndekningsmål for sjølvkostområda for økonomiplanperioden 2027-2030 :

- vatn og avløp - 100%
- byggesaksbehandling - 100% for private byggesaker
- kart og oppmåling - 100% inndekning for oppmålingsforretning på private areal
- plansaksbehandling - 100% på private plansaker
- plansaksbehandling- 50% på private plansaker knytt til bustadutvikling

4. Ramme for bruk av næringsfondet i budsjett 2027

- Kommunestyret vedtek årleg ramme for bruk av næringsfondet i 2027-2030 tilsvarande årleg inntekt frå konsesjonsavgifta til Vang kommune

5. Prinsipp for fastsetting av nivå i gebyrregulativet for 2027

- Kommunestyret vedtek at utvikling av gebyrsatsane følger gjeldande prisutvikling og i fohold til inndekningsgrad innan sjølvkostområda for økonomiplanperioden for 2027-2030

6. Ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027

- Kommunestyret vedtek ei ramme for tilskott til Vang kyrkjelege fellesråd for 2027 på :

- tilskott 4,5 mill kr
- kommunen fakturerer til fellesrådet verdi av til einkvar tid tenesteytingsavtalen mellom Vang kommune og Vang kyrkjelege fellesråd

7. Tilskott til regionale satsninger

Tilskuddet til Visit Valdres AS opprettholdes som tidligere, kr. 250.000.-.

Dette sett opp imot Vang kommunes satsing på reiseliv som et hovedsatsingsområde i nylig vedtatt Kps..

Inndekning; næringsfond

Tilskott til andre regionale verksemdar vil følgje av prosessen for regional organisering og vidare arbeid med budsjett og økonomiplan 2027-2030

045/26 Årsmelding og årsrekneskap for 2025

Framlegg til vedtak:

1. Råd og utvalt tek årsmelding og årsmelding til vitande
2. Formannskapet sin innstilling til kommunestyret er :
 - a. Årsrekneskapen for 2025 for Vang kommune blir vedteken
 - b. Årsmelding for 2025 for Vang kommune blir vedteken

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 03.06.2026 - 021/26

Formannskapet sin innstilling til kommunestyret er :

1. Årsrekneskapen for 2025 for Vang kommune blir vedteken
2. Årsmelding for 2025 for Vang kommune blir vedteken

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Formannskapet sin innstilling til kommunestyret: Samrøystes vedteke

KS - 045/26 Vedtak:

1. Årsrekneskapen for 2025 for Vang kommune blir vedteken
2. Årsmelding for 2025 for Vang kommune blir vedteken

049/26 Val av sekretariat for kontrollutvalet i Vang kommune

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at Lukkeleik AS blir sekretariat for kontrollutvalget fra 01.08.2026 til og med 31.7.2028 (2 år). Avtalen kan forlenges med inntil 2 år (1+1 år).

Kontrollutvalgsleder signerer avtalen på vegne av Vang kommune.

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 049/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Lukkeleik AS blir sekretariat for kontrollutvalget fra 01.08.2026 til og med 31.7.2028 (2 år). Avtalen kan forlenges med inntil 2 år (1+1 år).

Kontrollutvalgsleder signerer avtalen på vegne av Vang kommune.

051/26 Omsorgsbustadar Uppigarden - vedtak før igangsetting**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering og sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saka.

Kommunestyret godkjenner at prosjektet «Omsorgsbustadar Uppigarden – byggetrinn 1» vert vidareført i samsvar med framlagt skisseprosjekt, inkludert påbygg i to etasjar. Administrasjonen kan lyse prosjektet ut på anbod når naudsynte avklaringar er på plass.

18.06.2026 Kommunestyret**Behandling****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 051/26 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering og sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saka.

Kommunestyret godkjenner at prosjektet «Omsorgsbustadar Uppigarden – byggetrinn 1» vert vidareført i samsvar med framlagt skisseprosjekt, inkludert påbygg i to etasjar. Administrasjonen kan lyse prosjektet ut på anbod når naudsynte avklaringar er på plass.

052/26 Vertskommuneavtale FACT Valdres**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Vertskommuneavtale for FACT Valdres som er vedlagt.

Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

18.06.2026 Kommunestyret**Behandling**

tillegge til vedtak, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre

Føresett at det blir ein differensiert betalingsmodell

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **tillegge til vedtak**

Jørand Ødegård Lunde (ANDR)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 052/26 Vedtak:

Føresett at det blir ein differensiert betalingsmodell

Kommunestyret godkjenner Vertskommuneavtale for FACT Valdres som er vedlagt.

Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

050/26 Innspel frå kommunestyret til arbeidsverkstad for regional organisering

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret har følgjande innspel til arbeidsmøtet om regional organisering 26. juni 2026:

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Forslag til vedtak, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre

Vang kommunestyre ønskjer at vi arbeider vidare med merkevara Valdres. Samarbeidsavtalar med kultur- og næringslivet må vidareutviklast og ivaretakast. Vang ønskjer at merkevara vert nytta aktivt til felles synleggjering av bu- og arbeidsmoglegheiter i Valdres. Dette arbeidet må skje i tett samhandling med kommunane.

Vang kommune ønskjer at arbeidet med festivalane og *Ung i Valdres* blir vidareført. Kommunestyret ønskjer òg ei tydelegare samhandling mellom dei kommunale ungdomsråda, og ser det som naturleg at regionen er ein viktig møteplass og koordinator for dette.

Vang kommunestyre støttar arbeidet i Visit Valdres og arbeidet med berekraftig destinasjon.

Vang kommunestyre ynskjer å ha næringsarbeid tilknytt kommunen, men i tett samarbeid med Valdres Næringshage A/S (VNH). Støtta til VNH som er kanalisert gjennom Valdres Natur- og kulturpark meiner Vang kommunestyre bør oppretthaldast.

Vang kommunestyre ønskjer at arbeidet i Valdres Friluftsråd held fram, og at friluftsrådet framleis er ein del av regionen administrativt. Dette gjev både rimelegare drift og gode synergjar. Vang kommune meiner at felles prosjekt, som til dømes mat- og landbruksprosjekt, framleis kan drivast frå regionkontoret der dette er føremålstenleg.

Vang kommunestyre ønskjer ei vidare organisering som er tydeleg og så enkel som mogeleg, og avventar ei felles innstilling til kommunane før enn vi tek endeleg stilling til organiseringa.

Tillegg til ordførars framlegg til vedtak, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet

Kommunestyret legg til grunn at dei regionale oppgåvene skal planleggast og prioriterast i tett samspel med kommunane, med politisk involvering i utforming av handlingsplanar og prioriterte innsatsområde.

Gjennomføringa av regionale oppgåver må i større grad synleggjere konkret aktivitet, prosjekt og resultat i den einskilde kommune.

Vidare føreset kommunestyret at oppgåver og tiltak med stor lokal betydning blir løyst i tett dialog med dei berørte kommunane, slik at prioriteringar er forankra og gir lokal effekt.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg til ordførers framlegg til vedtak**

Lars Østbye Hemsing (AP)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag til vedtak**

Jørand Ødegård Lunde (ANDR)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 050/26 Vedtak:

Kommunestyret legg til grunn at dei regionale oppgåvene skal planleggast og prioriterast i tett samspel med kommunane, med politisk involvering i utforming av handlingsplanar og prioriterte innsatsområde.

Gjennomføringa av regionale oppgåver må i større grad synleggjere konkret aktivitet, prosjekt og resultat i den einskilde kommune.

Vidare føreset kommunestyret at oppgåver og tiltak med stor lokal betydning blir løyst i tett dialog med dei berørte kommunane, slik at prioriteringar er forankra og gir lokal effekt.

Vang kommunestyre ønskjer at vi arbeider vidare med merkevara Valdres. Samarbeidsavtalar med kultur- og næringslivet må vidareutviklast og ivaretakast. Vang ønskjer at merkevara vert nytta aktivt til felles synleggjering av bu- og arbeidsmoglegheiter i Valdres. Dette arbeidet må skje i tett samhandling med kommunane.

Vang kommune ønskjer at arbeidet med festivalane og *Ung i Valdres* blir vidareført. Kommunestyret ønskjer òg ei tydelegare samhandling mellom dei kommunale ungdomsråda, og ser det som naturleg at regionen er ein viktig møteplass og koordinator for dette.

Vang kommunestyre støttar arbeidet i Visit Valdres og arbeidet med berekraftig destinasjon.

Vang kommunestyre ynskjer å ha næringsarbeid tilknytt kommunen, men i tett samarbeid med Valdres Næringshage A/S (VNH). Støtta til VNH som er kanalisert gjennom Valdres Natur- og kulturpark meiner Vang kommunestyre bør oppretthaldast.

Vang kommunestyre ønskjer at arbeidet i Valdres Friluftsråd held fram, og at friluftsrådet framleis er ein del av regionen administrativt. Dette gjev både rimelegare drift og gode synergjar. Vang kommune meiner at felles prosjekt, som til dømes mat- og landbruksprosjekt, framleis kan drivast frå regionkontoret der dette er føremålstenleg.

Vang kommunestyre ønskjer ei vidare organisering som er tydeleg og så enkel som mogeleg, og avventar ei felles innstilling til kommunane før enn vi tek endeleg stilling til organiseringa.

053/26 Sluttrapport - Evaluering av Valdres modellen - psykisk helse

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek sluttrapporten til orientering.

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 053/26 Vedtak:

Kommunestyret tek sluttrapporten til orientering.

054/26 Forskrift om om opning av jakt på elg, hjort og rådyr, minsteareal og fellingsavgift på hjortevilt i Vang kommune**Framlegg til vedtak:**

Vang kommune vedtek forskrift om opning av elg, hjort og rådyr, minsteareal og fellingsavgift for Vang kommune.

Forskrifta blir vedteken med heimel i viltlova §§ 16 og 26, viltressurslova § 9, naturmangfaldlova §§ 7–12 og hjorteviltforskrifta §5 og §6

18.06.2026 Kommunestyret**Behandling****Votering nr 1 -** Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 054/26 Vedtak:

Vang kommune vedtek forskrift om opning av elg, hjort og rådyr, minsteareal og fellingsavgift for Vang kommune.

Forskrifta blir vedteken med heimel i viltlova §§ 16 og 26, viltressurslova § 9, naturmangfaldlova §§ 7–12 og hjorteviltforskrifta §5 og §6

055/26 Midlertidig forbod mot tiltak - reguleringsplan Haugastølen**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek midlertidig forbod mot tiltak etter plan- og bygningslova § 13-1 innanfor planområde Haugastølen. Forbodet gjeld frem til ny plan blir endeleg vedteke. Dersom planendringa ikkje blir vedteke innan fire år fell forbodet bort, jf. plan- og bygningslova § 13-2.

Myndigheit til gjere eventuelle unntak frå forbodet, jf. plan- og bygningslova § 13-1 tredje ledd, delegeres til kommunedirektøren.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Elisabeth Hålien	Kai Rune Hemsing	Jamfør forvaltningslova §6

Helge Lajord		Jamfør forvaltningslova §6
Jon Helge Solemsli	Per Nicklas Kvam	Jamfør forvaltningslova §6
Kristin Bakke Lajord		Jamfør forvaltningslova §6
Leif Solemsli		Jamfør forvaltningslova §6
Odd Vidme	Frank Hansen Thune	Jamfør forvaltningslova §6
Stine Solemsli	Inga Bøe	Jamfør forvaltningslova §6

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Områdets plan, inntil ny plan er vedteken, fremja av Steinar Frøyen, Arbeiderpartiet
Kommunestyre vedtek at det ikke skal settes midlertidig forbud mot tiltak.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 8 stemmer (57%) - ANDR 1, AP 4, BIV 1, MDG 1, SP 1

Områdets plan, inntil ny plan er vedteken: 6 stemmer (43%) - AP 3, BIV 3

Steinar Frøyen (AP)

Stemmer:

Steinar Frøyen (AP)

Toril Gulbrandsen (AP)

Per Nicklas Kvam (BIV)

Asgrim Opdal (BIV)

Bjørn Olav Søndrol (AP)

Kai Rune Hemsing (BIV)

KS - 055/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek midlertidig forbod mot tiltak etter plan- og bygningslova § 13-1 innanfor planområde Haugastølen. Forbodet gjeld frem til ny plan blir endeleg vedteke. Dersom planendringa ikkje blir vedteke innan fire år fell forbodet bort, jf. plan- og bygningslova § 13-2.

Myndigheit til gjere eventuelle unntak frå forbodet, jf. plan- og bygningslova § 13-1 tredje ledd, delegeres til kommunedirektøren.

056/26 Alternativer for organisering av dagens hovudutval for utvikling

Framlegg til vedtak:

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Utsette behandling til møtet i september., fremja av Kristin Bakke Lajord, Senterpartiet
Saken utsettes til behandling på kommunestyremøtet i september.

Framlegg om utsetting: Samrøystes vedteke

KS - 056/26 Vedtak:

Saken utsettes til behandling på kommunestyremøtet i september.

057/26 Totalberedskapsplan for Valdres

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Totalberedskapsplan for Valdres. Aktuelle kommunale og regionale tiltak vert innarbeida i framtidige handlings- og økonomiplanar.

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 057/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Totalberedskapsplan for Valdres. Aktuelle kommunale og regionale tiltak vert innarbeida i framtidige handlings- og økonomiplanar.

058/26 Gondol til Skørnsnøse - søknad om kommunal medfinansiering.

Framlegg til vedtak:

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Asgrim Opdal	Frank Hansen Thune	Jamfør forvaltningslova §6
Jon Helge Solemsli	Per Nicklas Kvam	Jamfør forvaltningslova §6, 2 ledd
Leif Solemsli		Jamfør forvaltningslova §6, 2 ledd
Stine Solemsli	Inga Bøe	Jamfør forvaltningslova §6, 2 ledd

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

058/26 Gondol til Skørnsnøse - søknad om kommunal medfinansiering, fremja av Helge Lajord, Senterpartiet

Vang kommune beklagar hastverket i denne saka, men tek årsaka til dette til orientering.

For Vang kommune er gondolen sjølvstendig viktig, men dei skisserte positive fylgjene av gondolsatsinga i søknaden, som direkte og indirekte auka heilårs aktivitet, vil få positive fylgjer, også for økonomien i Vang kommune framover.

Vang kommune går derfor inn med 10 mill.kr i aksjekapital i oppstartsselskapet "Tyn gondol lokalbedrift AS" til utbetaling medio 2026.

Aksjebeløpet blir teke frå næringsfondet.

Vilkår : Det utarbeidast ei aksjonæravtale, godkjent av kommunestyret, som bl.a. seier at Vang kommune skal vera representert i styret.

Dersom ikkje utbygginga let seg realisere, skal gondolen selgast vidare med hjelp av initiativtakarane til prosjektet. Vang kommune skal då ha sin rettmessige del av salgssummen.

Når selskapet har sikra finansieringa av fase 1 i tråd med søknad, innvilger Vang kommune eit lån på 20 mill.kr, der renter og avdragstid er fastsett.
Lånet blir teke frå næringsfondet.

Forslag til vedtak, fremja av Jørund Ødegård Lunde, Andre
Eit spanande prosjekt med store visjonar, men med mangelfullt saksgrunnlag. Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Forslag til vedtak i gondolsaka, fremja av Bjørn Olav Søndrol, Arbeiderpartiet
Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret ser positivt på vidare utvikling av Tyingondolen som eit mogleg bidrag til næringsutvikling og heilårsturisme i Vang kommune i tråd med KPS.
2. Kommunestyret legg til grunn at hovuddelen av finansiering og risiko i prosjektet skal berast av private aktørar.
3. Vang kommune løyver inntil kr 3,3 millionar i bagatellmessig støtte og gir tilsagn om lån på inntil kr 6,7 millionar til Tyingondolen AS. Lån skal gjevast på dokumentert marknadsvilkår og med tilstrekkeleg sikkerheit for kommunen. Støtte og tilsagn kan kun brukast til å sikre kjøp av gondolen, og skal ikkje utbetalast før det er inngått ein avtale om kjøpet av gondolen. Finansierast frå Næringsfondet
4. Tilskot og lån kan ikkje utbetalast før det er dokumentert bindande privat kapital, konkret finansieringsplan, samt kvalitetssikra investerings- og driftskalkyle, inklusive vurdering av lønsemd og risiko
5. Kommunedirektøren skal gjennomføre nødvendige juridiske og økonomiske vurderingar av kommunen si eventuelle vidare deltaking og leggje fram ny sak for kommunestyret.
6. Kommunestyret opnar for at tilskot og/eller lån heilt eller delvis kan konverterast til aksjekapital dersom vilkåra blir oppfylt og dette vert vurdert som lovleg, risikomessig og økonomisk forsvarleg og tenleg for kommunen. Slik konvertering krev nytt vedtak i kommunestyret.
7. Kommunestyret legg til grunn at støtta ikkje er knytt til ei bestemt lokalisering av gondolanlegget. Vidare arbeid skal avklare kva lokalisering som har best grunnlag med omsyn til regulering, miljø, økonomi og gjennomføringsevne
8. Kommunestyret legg til grunn at kommunal deltaking ikkje skal vere avgjerande for realisering av prosjektet. Dette vedtaket inneber difor ingen forplikting for kommunen til å yte ytterlegare lån, garantiar eller kapitalinnskot

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **058/26 Gondol til Skørnsnøse - søknad om kommunal medfinansiering**

Helge Lajord (SP), Andre partier: SP, BIV

For: 6 stemmer (38%) - BIV 3, SP 3

Stemmer:

Helge Lajord (SP)

Elisabeth Hålien (BIV)

Kristin Bakke Lajord (SP)

Odd Vidme (BIV)

Per Nicklas Kvam (BIV)

Håkon Offergaard Jevne (SP)

Mot: 10 stemmer (62%) - ANDR 1, AP 7, BIV 1, MDG 1

Votering nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **Forslag til vedtak**

Jørund Ødegård Lunde (ANDR)

For: 2 stemmer (12%) - ANDR 1, MDG 1

Stemmer:

Erlend Eggen (MDG)

Jørund Ødegård Lunde (ANDR)

Mot: 14 stemmer (88%) - AP 7, BIV 4, SP 3

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag til vedtak i gondolsaka**

Bjørn Olav Søndrol (AP), Andre partier: AP

For: 14 stemmer (88%) - ANDR 1, AP 7, BIV 2, MDG 1, SP 3

Mot: 2 stemmer (12%) - BIV 2

Stemmer:

Odd Vidme (BIV)

Per Nicklas Kvam (BIV)

KS - 058/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ser positivt på vidare utvikling av Tyingondolen som eit mogleg bidrag til næringsutvikling og heilårsturisme i Vang kommune i tråd med KPS.
2. Kommunestyret legg til grunn at hovuddelen av finansiering og risiko i prosjektet skal berast av private aktørar.
3. Vang kommune løyver inntil kr 3,3 millionar i bagatellmessig støtte og gir tilsagn om lån på inntil kr 6,7 millionar til Tyingondolen AS. Lån skal gjevast på dokumentert marknadsvilkår og med tilstrekkeleg sikkerheit for kommunen. Støtte og tilsagn kan kun brukast til å sikre kjøp av gondolen, og skal ikkje utbetalast før det er inngått ein avtale om kjøpet av gondolen. Finansierast frå Næringdfondet
4. Tilskot og lån kan ikkje utbetalast før det er dokumentert bindande privat kapital, konkret finansieringsplan, samt kvalitetssikra investerings- og driftskalkyle, inklusive vurdering av lønsemd og risiko
5. Kommunedirektøren skal gjennomføre nødvendige juridiske og økonomiske vurderingar av kommunen si eventuelle vidare deltaking og leggje fram ny sak for kommunestyret.
6. Kommunestyret opnar for at tilskot og/eller lån heilt eller delvis kan konverterast til aksjekapital dersom vilkåra blir oppfylt og dette vert vurdert som lovleg, risikomessig og økonomisk forsvarleg og tenleg for kommunen. Slik konvertering krev nytt vedtak i kommunestyret.
7. Kommunestyret legg til grunn at støtta ikkje er knytt til ei bestemt lokalisering av gondolanlegget. Vidare arbeid skal avklare kva lokalisering som har best grunnlag med omsyn til regulering, miljø, økonomi og gjennomføringsevne
8. Kommunestyret legg til grunn at kommunal deltaking ikkje skal vere avgjerande for realisering av prosjektet. Dette vedtaket inneber difor ingen forplikting for kommunen til å yte ytterlegare lån, garantiar eller kapitalinnskot

059/26 Interpellasjon 18.05.26 - Prissetting Føsselie bustadfelt

Framlegg til vedtak

Interpellasjon frå Bygdelista v/Leif Solemsli datert 9.juni 2026,, blir teken til orientering.

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Sak 059/26 Interpellasjon 18.5.26 - Prissetting Føsselie bustadfelt, fremja av Helge Lajord, Senterpartiet

Viser til interpellasjon frå BIV.

Vang kommunestyre ber administrasjon ta opp denne saka til vurdering og koma attende til kommunestyret med ei utgreidd sak og forslag til framlegg.

Nytt framlegg til vedtak får Helge Lajord (SP): Samrøystes vedteke

KS - 059/26 Vedtak:

Viser til interpellasjon frå BIV.

Vang kommunestyre ber administrasjon ta opp denne saka til vurdering og koma attende til kommunestyret med ei utgreidd sak og forslag til framlegg.

060/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

18.06.2026 Kommunestyret

Behandling

tillegg til vedtak, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre

referatsak 6 må fyljast opp administrativt med eit høyringsinnspel som ivaretek Vang sine interesser

Framlegg til vedtak med tillegg: Samrøystes vedteke

KS - 060/26 Vedtak:

Referatsak 6 må fyljast opp administrativt med eit høyringsinnspel som ivaretek Vang sine interesser

Referatsakene blir tatt til orientering